



Årsmelding 2022



Vestland BondeLag

Innhald

1. Fylkeslaget.....	3
Medlemstal	3
Æresmedlemer i fylkeslaget.....	4
2. Lokallaga.....	4
3. Årshjulet	6
Regionmøta - januar	6
Årsmøtet i Vestland Bondelag - mars	6
Årsmøtet i Norges Bondelag - juni.....	7
Kurs for valnemndene i lokallaga – september	7
Årsmøta i lokallaga – oktober	7
Leiarmøtet – november	9
Temakurs og skattekurs - november	10
Kurs for nye bønder - november.....	10
Andre arrangement.....	10
4. Saker i fylkesstyret	12
Høyringar.....	12
Rovvilt	12
Grønt.....	13
Hjort	13
Kommunikasjon	13
Jordbruksforhandlingane	14
Klima, miljø og jordvern.....	14
Verving og verveutval	15
Politikarkontakt.....	15
5. Omdømebygging.....	16
Rekrutteringsprosjektet og rekruttering	16
Open Gard og matfestivalar.....	16
Kampanje	17
6. Samarbeid og prosjekt	18
Landbruksråd Vestland	18
Prosjekt hjorteforvaltning.....	18
Klimaprojektet «Redusert klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket» (KlimaVest).....	18
Representasjon frå Vestland i styre og utval	18
7. Leiarar i lokallaga 2022	19
8. Fylkeskontoret	21

1. Fylkeslaget

Styret i Vestland Bondelag har i 2022 vore sett saman slik:

Leiar: Anders Felde, Breim Bondelag
Nestleiar: Marianne Nordhus, Halsnøy Bondelag
Styremedlemer: Gry Ingvild Agjeld, Olden Bondelag
Ole Bjarne Hovland, Årdal Bondelag
Knut Byrkjenes Hauso, Ullensvang Hagebrukslag
Kari Sigrun Lysne, Lærdal Bondelag
Olav Myhr, Eikanger Bondelag
Andreas Wollnick Wiese, Luster Bondelag
Gjertrud Svartveit Osmundsen, Sveio Bondelag
Bjørg Olaug Ladehaug, Sogn og Fjordane Bygdekvinnelag

Varamedlemer: 1. Kjersti Hjelmeland, Omvikdalen Bondelag
2. Nils Magne Gjengedal, Hyen Bondelag
3. Grethe Monica Haug, Voss Bondelag

Kjersti Hjelmeland har deltatt i styremøta som første vara. Grethe Monica Haug fekk innvilga permisjon frå vervet grunna private årsaker.



Bak frå venstre: Knut Byrkjenes Hauso, Ole Bjarne Hovland, Kari Sigrun Lysne, Gry Ingvild Agjeld, Kjersti Hjelmeland, Nils Magne Gjengedal, Åsa Gunnarsdottir (vara Bygdekvinnelaget) og Marianne Nordhus. Fremst: Olav Myhr, Andreas Wollnick Wiese, Anders Felde og Gjertrud Svartveit Osmundsen.

Medlemstal

Vestland Bondelag hadde 7178 medlemer den 31.12.2022. Dette er 83 færre medlemer enn den 31.12.2021.

Æresmedlemer i fylkeslaget

Æresmedlemskap er ein heider til personar som har utført spesielt godt arbeid for organisasjonen.

Tove Stavø var leiar i Sogn og Fjordane Bondelag frå 1990 - 1994. Ho har vore tillitsvald i Flora Bondelag og vart utnemnt til æresmedlem i fylkeslaget i 1997.

Kari Valland har vore æresmedlem sidan 2005. Ho har vore tillitsvald i Hordaland Bondelag, i Vikøy Bondelag og varamedlem til styret i Norges Bondelag.

Alf G. Støfring var leiar i Sogn og Fjordane Bondelag frå 1997 – 2004. Han har òg vore tillitsvald i Vestre Jølster Bondelag og medlem av valnemnda i Norges Bondelag. Han vart utnemnt til æresmedlem 2013.

Nils T. Bjørke har vore æresmedlem sidan 2015. Han har vore tillitsvald Voss Bondelag, Hordaland Bondelag og Norges Bondelag. Han leia Norges Bondelag frå 2009 til 2014.

Reiel Felde var leiar i Sogn og Fjordane Bondelag frå 1994 – 1997, og vart utnemnt til æresmedlem i Breim Bondelag i 2021. Han har vore æresmedlem i fylkeslaget sidan 2002. Det var med sorg vi tok i mot meldinga om Reiel sin bortgang 26. februar 2023.

2. Lokallaga

I Vestland har vi 71 lokallag som gir nettverk og sosialt samhold for medlemmer. Dei påverkar lokalpolitikken, driv med omdømebygging og bidrar til beredskap. I 2022 tok aktiviteten seg opp etter nokre år med pandemi. Her er eit utval av aktivitetar:

Open gard, julebord, studiering, våronnmøte, dugnad, ølsmaking, slakte- og skjerekurs, lokalmatmøte, kurs i varme arbeid, politikarmøte, bondefest og bondepub. Mange lokallag har samla inn plast, jern, piggråd og anna farleg avfall. Det har også vore jobba med temaet biogass, både gjennom informasjon, kartlegging og oppstart av biogassanlegg. Skule- og barnehagar har vore invitert på gardsbesøk og nokre lokallag har delt ut drivhus, pallekarmar, frø og jord til barnehagar. Lokallaga gir også innspel til planar og følgjakt med i lokalpolitikken.



Gaular Bondelag inviterte 9. klasse ved Sande skule til gardsbesøk.

Desse lokallaga fekk ny leiar: Bulken-Evanger Bondelag, Bømlo Bondelag, Eid Bondelag, Fitjar Bondelag, Førde Bondelag, Holmedal og Askvoll Bondelag, Hyen Bondelag, Høyanger Bondelag, Naustdal Bondelag, Omvikdalen Bondelag, Radøy Bondelag, Sogndal Bondelag, Stongfjorden Bondelag, Sveio Bondelag, Ulvik og Eidfjord Bondelag (lokallagskontakt), Vik Bondelag, Voss Bondelag, Ølve og Hatlestrand Bondelag og Årdal Bondelag. Tusen takk til leiarane og styremedlemene som gjekk av for arbeidet de har gjort for landbruket og bøndene.

Askøy Bondelag vedtok å gå inn i Sotra og Øygarden Bondelag, Stardalen Bondelag slo seg saman med Jølster Bondelag og Solund Bondelag har vedtatt å gå inn i Gulen og Masfjorden Bondelag.



Maya Fuglesnes Greve tok over leiarvervet frå Asgeir Nøttveit i Radøy Bondelag og Kristian Sætre tok over for Jo Risløv i Vik Bondelag.



Johannes Hjelmeland tok over leiarvervet i Omvikdalen Bondelag frå Øyvind Sandvik. Kristina Johansen Ådlandsvik tok over leiarvervet i Holmedal og Askvoll Bondelag etter Jostein Kumle.



Alf Magnar Svartemyr tok over etter Yngve Fardal i Høyanger Bondelag, og i Stongfjorden Bondelag gav Harald Ålen stafettspinnen over til Henrik Veiesund.

3. Årshjulet

Regionmøta - januar

Regionmøta er ein viktig arena der lokallaga og fylkesstyret kan informere kvarandre. Vi hadde håpa at det var mogeleg å møtast fysisk i 2022, men grunna pandemien vart regionmøta digitale dette året også. Styret planla fire møte der lokallaga vart delt inn i grupper med geografisk spreining. Tema var mellom anna ny retning for norsk landbrukspolitikk, jordbruksforhandlingane, inntektsløft, klima, investeringsverkemidlar, aksjonsberedskap og kampanje og lokallagsarbeid. Det vart også eit eige innlegg om kommunal planlegging der lokallaga fekk tips til korleis dei kan påverke kommune og lokalpolitikarar og kome tidleg med i saker som er viktige for landbruket.

Medlemene i fylkesstyret bytta på å leie møta, og kvart møte hadde med eit gjesteinnlegg frå forhandlingsutvalet i Norges Bondelag. Både generalsekretær Sigrid Hjørnegård, leiar Bjørn Gimming, styremedlem Egil Chr Hoen og styremedlem Bodhild Fjelltveit deltok.

Etter regionmøta inviterte fylkeslaget medlemene til digitale innspelsmøte med viktige tema før jordbruksoppgjere. Deltakarane kunne sende inn spørsmål i førekant. Dei 4 møta hadde ulike tema; Frukt, bær, grønnsaker og potet med Sigrun Pettersborg frå Norges Bondelag og Thor Johannes Rogneby frå Grøntutvalet i Norges Bondelag, småfe og sau med Bodhild Fjelltveit frå Norges Bondelag og Jan Erik Fløtre frå Nortura, mjølk, ku, geit og storfekjøtt med Anders Huus frå Norges Bondelag og kraftfôrkrevjande produksjonar med Ole Nikolai Skulberg og Elin Prangerød frå Nortura. Plansjane frå møta vart lagt ut på nettsida til Vestland Bondelag.

Årsmøtet i Vestland Bondelag - mars

Årsmøtet i Vestland Bondelag vart gjennomført 9.-10. mars på Hotel Ullensvang. Frå Norges Bondelag deltok styremedlem Arthur Salte. Ordførar i Ullensvang, Roald Aga Haug (A) helsa til årsmøtet. Ass.direktør frukt og grønt Coop Norge, Atle Olsen, innleia om «Kampen om hylleplassen», og Jørn Erik Toppe frå Bergen Bondelag om «Nye tankar frå grønne gründerar». Klimasmart Spydspissbonde Leif Arne Lirhus snakka om redusert klimaavtrykk og ByBonde Ida Kleppe informerte om sitt prosjekt. HMS-rådgjevar Øystein Tholo i NLR Vest hadde eit innlegg med tittelen «Det kan gå bra om ein ikkje har det så bra», og Harald Alvavoll frå Ullensvang Hagebrukslag snakka om garden og verksemda. Det vart også tid til ein politisk debatt om framtida for Vestlandsbonden. Under utloddinga kom det inn 30 000 kr. til Malawi-prosjektet og Ukraina.



Knut Byrkjenes Hauso og Margunn Myrmel Øren i møtesalen. Anders Felde, Torbjørn Børve, Kåre Johannes Aase og Knut Flatebø utanfor Hotel Ullensvang.

Årsmøtet i Norges Bondelag - juni

Årsmøtet var 15. – 16. juni på Lillehammer. Vestland Bondelag hadde 13 utsendingar i tillegg til fylkesleiar og nestleiar. I generaldebatten hadde Kjersti Hjelmeland innlegg om framtida for mjølkeprodusentane. Peder Nernæs snakka om at grunnmuren i form av politiske verkemiddel må vere på plass og sikra slik at det i størst mogleg grad vert føreseielege driftsvilkår. Kari Sigrun Lysne hadde innlegg om at distrikta må få sin del av veksten i grøntproduksjonen. Under årsmøtet vart Bodhild Fjelltveit frå Bergen Bondelag attvald som 2. nestleiar og Peder Nernæs frå Strandebarm-Tørvikbygd Bondelag attvald som 2. vara.



Utsendingane frå Vestland Bondelag bak frå venstre: Ole Bjarne Hovland, organisasjonssjef Lars Peter Taule, Nils Magne Gjengedal, Kjetil Mehl, Gry Ingvild Agjeld, Åse Katrin Hogrenning, Marianne Nordhus, Asgeir Nøttveit, Peder Nernæs, Olav Myhr, Kjersti Hjelmeland, Bodhild Fjelltveit (styret i Norges Bondelag), Knut Byrkjenes Hauso, Eivind Myrdal, Anders Felde, Gjertrud Svartveit Osmundsen og Kari Sigrun Lysne.

Kurs for valnemndene i lokallaga – september

Nils Magne Gjengedal frå fylkesstyret leia årets digitale kurs for valnemndene i lokallaga. Han gjekk gjennom oppgåvene til valnemnda. Det er særst viktig at ein er ærleg om kva vervet inneber og kva ein forventar av den som skal vere med i styret. Han tok også opp godtgjering og utgiftsdekking.

Årsmøta i lokallaga – oktober

Fylkesstyret prioriterte å delta på så mange lokallagsårsmøte som mogeleg, og i år fekk nesten alle lokallag besøk av tillitsvalde eller tilsette frå fylket. Etter pandemien var det godt å kunne samlast til fysiske møte.



Årsmøte i Balestrand Bondelag.



Oppstryn Bondelag.



Ølve og Hatlestrand Bondelag.



Norddalsfjord Bondelag.



Vossestrand Bondelag.



Gardsbesøk før årsmøte i Bergen Bondelag.



Leikanger Bondelag.

Leiarmøtet – november

Leiarmøtet vart arrangert 24.-25. november på Quality Hotel Edvard Grieg i Bergen. Dei nye lokallagsleiarane kom kvelden før og var med på kurs i lokallagsarbeid om morgonen.



Frå Norges Bondelag deltok 1. nestleiar Egil Chr Hoen, næringspolitisk sjef Sigrun Pettersborg og kommunikasjonsrådgjevar Guro Bjørnstad Heimly. Gjesteinnleiarar var Arne Bardalen frå NIBIO som snakka om sikker matforsyning i ei usikker framtid, fylkesordførar Jon Askeland, dei klimasmarte spydspissbøndene Geir Støfring og Leif Arne Lirhus, klimakoordinator Lene Vangberg Monsen og Anne Rokkan, kommentator i Dagens Næringsliv. Det var satt av god tid til å diskutere inntekta til bonden og høyringa om Inntekstmåling i jordbruket. Leiar av utvalet, professor Ola H. Grytten, var med på møtet og heldt eit godt innlegg der han gjekk gjennom hovudinnhaldet i NOU 2022:14; Ekspertutvalet for inntekstmåling i jordbruket. Det vart også tid til gruppearbeid.



Gruppearbeid om aktivitet i fylkeslaget og lokallaget.

Temakurs og skattekurs - november

Norges Bondelag inviterer rekneskapskontor med samarbeidsavtale til skattekurs i alle fylke. Rekneskapsførarane er viktige for bonden sitt arbeid, og kursa gjer at dei er oppdatert på skatterettslege og rekneskapsfaglege område innan landbruksrekneskap. I 2022 var det to kurs i Vestland; i Loen 9.-11. november og i Bergen 23.-25. november.

Kurs for nye bønder - november

18. – 19. november arrangerte Vestland Bondelag samling for nye bønder i samarbeid med Gartnerhallen SA, Felleskjøpet Agri, Landkreditt Bank, Nortura og Tine. Det var god påmelding til samlinga, som vart lagt til Sogndal. Programmet var mangfaldig, og under deler av samlinga kunne deltakarane velje mellom tema kjøt og mjølk og frukt, bær og grønt. På programmet stod mellom anna Bodhild Fjelltveit (andre nestleiar i Norges Bondelag), sofaprat mellom Olav Høyheim Einan (Årets unge bonde 2018), Stig Ove Ølmheim (fruktbonde) og Sofie Høybakk (Årets unge bonde 2021), KSL og klimaarbeid, satsinga på kjøt og mjølkeproduksjon i Vestland og nye kulturar og vekstmogelegheit innan frukt og grønt. Oddvar Vignes hadde to innlegg med viktige tema; "Det viktige ved å snakke om følelsar" og "Seniorane og deg". Det vart også tid til sidersmaking og gardsbesøk hos mjølk og kjøt-produzent Per Idar Rygg og på fruktgarden til Sigrid Ølmheim og Endre Kleiveland.



Andre arrangement

I løpet av året har Vestland Bondelag tilbydd medlemmane fleire webinar, mellom anna «Den vanskelege samtalen» med Oddvar Vignes. Vi har òg hatt to webinar i samarbeid med advokatkontoret Harris med tema «Private vegar» og «Ferdelsrettar - eit innhogg i den private grunneigarretten».

Fredsmarkering for Ukraina

Fredag 18. mars vart det arrangert støttemarkering for Ukraina på Byrkjelo. Lokallaga i Gloppen og Jølster samla mange traktorar og stilte dei opp i fredsteiknet. Deltakarane gjekk også i fakkeltog.



Besøk frå Malawi

Som ein del av utviklingsprosjektet Bondelaget har saman med Utviklingsfondet, fekk Vestland Bondelag besøk av Patricia Mkandawire frå Malawi i Afrika. Ho er bonde i eit av verdas fattigaste land der utvikling av jordbruket og bruken av matjorda til dyrking av eigen mat er heilt avgjerande. Patricia sitt besøk i Vestland starta med eit besøk i Bergen hos andre nestleiar i Norges Bondelag, Bodhild Fjelltveit. Så gjekk turen vidare til Aurland med besøk på Sogn Jord- og Hagebrukskule, lunsj og omvising med Kari Sigrun Lysne hos Sogn Frukt og Grønt SA og gardsbesøk hos Per Øvrevoll. På kvelden gjekk turen til Sogndalsdalen, der tidlegare fylkesleiar i Sogn og Fjordane Bondelag, Per Hilleren, og hans familie var vertsskap for middagen.



Kari Sigrun Lysne og Patricia Mkandawire.



Per Hilleren serverer middag.



Nils Magne Gjengedal frå fylkesstyret var med på omvisinga.



Patricia og tolken hennar.

Sogn og Fjordane Pride

Vestland Bondelag deltok i Pride-paraden i Førde i juni. Alle menneske er like mykje verdt uansett legning, og alle menneske har lik verdi, sa fylkesleiar Anders Felde under paraden.



4. Saker i fylkestyret

Dette er nokre av sakene som fylkestyret har arbeidd med 2022

- Fylkestyret sitt samarbeid med lokallaga
- Verving og rekruttering
- Kostnadsutviklinga i matproduksjonen
- Ekstra midlar til investering i landbrukssektoren
- Jordbruksforhandlingar – innspelsrunde og beredskap ved gjennomføring
- Viltforvaltning – hjortevilt, gås, rovvilt, hjort og verkemiddel fri kalveskyting
- Planar for fylkeslaget: Arbeidsplan, beredskapsplan og kommunikasjonsplan
- Klimakalkulatoren og klimatilpassing, biogass og landbruksplast
- Regionalt miljøprogram – fordelingsnøkkel og ordningar
- Kurs og kompetanse – tema for korte faglege webinar
- Høyringsuttale til Gryttenutvalet
- Temaplan Landbruk for Vestland fylke

Høyringar

Vestland Bondelag sender innspel til høyringar internt i Norges Bondelag og til Statsforvaltar, Fylkeskommunen og andre. Her er eit utval av høyringane som vart handsama i 2022.

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Sogn og Fjordane – Riksantikvaren

Temaplan Landbruk – Vestland fylkeskommune

Regional plan klima - Vestland fylkeskommune

Temaplan reiseliv - Vestland fylkeskommune

Vestland Bondelag sendte høyringssvar på Norges Bondelag si interne høyring av NOU 2022:14 Inntektsmåling i jordbruket, betre kjent som rapporten til Grytten-utvalet. Heile organisasjonen var involvert i den interne høyringa. Lokallaga sendte innspel til fylkestyret, og styret laga eit høyringssvar til Norges Bondelag. Dei viktigaste punkta i høyringssvaret var at norsk landbruk er, og skal være, ei politisk næring. Modifisert Totalkalkyle må nyttast allereie i jordbruksforhandlingane 2023 og hybridmodellen bør utviklast vidare med mål om lågare effektivitetskrav. Vestland Bondelag vil at bruk og distrikt som har lågast inntekt i dag må bli betre ivaretatt og løftast mest. Vi meiner også at det er rett å nytte vederlag til arbeid og eigenkapital som resultatmål.

Rovvilt

Fokus i 2022 har vore på arbeid med å få redusert den store jervebestanden i Indre Sogn. Det vart felt 3 jerv på lisensjakt i vår nærleik vinteren 2022. 1 hannjerv vart felt i Luster og 1 hannjerv og 1 tise vart felt like over grensa i Skjåk kommune. SNO gjorde ein god jobb våren 2022 med uttak av 1 tise og 3 kvelpar på hiuttak i mars og 1 hannjerv som vart felt i starten av april. Alle dyra vart felt i Luster kommune. Desse uttaka medverka til at det vart låge tap til rovvilt i 2022.

For 2022 er det registrert 103 kadaversaker på beitedyr i Vestland (183 saker i 2021). 54 saker er registrert med ukjent årsak, 25 som ikkje rovvilt, 3 til rev. Det kjem årleg tilsig av rovvilt til Vestland. Det betyr at Vestland Bondelag må halde oppe trykket i arbeidet med å redusere tal rovvilt i beiteprioriterte område.

Grønt

Vestland Bondelag har i 2022 hatt eit eige Grøntutval med 5 medlemmer som arbeider med ulike spørsmål knytt til grøntnæringa. I 2022 har utvalet mellom anna hatt fokus på innspel i førekant av jordbruksforhandlingane, arbeidskraftsituasjonen for næringa i lys av koronarestriksjonar og utviklingsmoglegheiter og marknad i lys av at vi skal auke produksjonen innan grøntsektoren. I løpet av hausten har fylkesstyra i Møre og Romsdal Bondelag og Vestland Bondelag vorte samde om å opprette eitt felles Grøntutval med to medlemmer frå Møre og Romsdal og tre medlemmer frå Vestland. Dette utvalet er oppe og går frå 01.01.2023.



Første nestleiar i Norges Bondelag, Egil Chr Hoen, på gardsbesøk hos styremedlem Knut Byrkjenes Hauso og hos Asbjørn Lutro, som har eple i svært bratt areal. På bildet til høgre opnar Landbruks- og matminister Sandra Borch det nye pakkeriet på Håbakken i Lærdal. Fleire frå styret i Vestland Bondelag deltok på arrangementet.

Hjort

Vestland Bondelag var vinteren 2022 initiativtakar til møte med Landbruks- og Matdepartementet med mål om å utvide «verktøykassen» i forvaltninga av hjort. Møtet kom i stand gjennom eit samarbeid med Norges Bondelag sentralt og Møre og Romsdal Bondelag. Initiativet gav konkret resultat i form av at dei kommunane som ynskte det i juni fekk høve til å søke om å nytte ordning med fri skyting av kalv. Dette er eit verkemiddel med lokal verknad. Grunneigarar som har svært stor bestand av hjort, kan skyte kalv på sin eigedom med mål om å redusere tal dyr. Totalt 31 av kommunane i Vestland søkte og fekk innvilga dispensasjon frå hjorteviltforskrifta sin §18. På landsplan var det 73 kommunar som søkte. I tillegg har Lærdal ei eiga ordning der dei kan skyte både kalv og ungdyr fritt. Den store interessa syner stor trong for å redusere hjortestamma og med det redusere konfliktnivået som ei for stor hjortestamme skapar. Fylkesstyret har eit sterkt fokus på forvaltning av hjort i sitt arbeid. Det vert skrive lesarinnlegg, sendt høyringar og teke opp saker frå medlemmer og lokallag. Det skal utarbeidast ein ny hjorteviltstrategi på nasjonalt nivå og samstundes vert viltlova revidert, slik at fokuset på vilt og hjort vert viktig framover.

Kommunikasjon

Vestland Bondelag er synleg på eigne nettsider, i lesarbrev, avisoppslag og sosiale media. Fokuset har lagt på å produsere eige materiell og å ha jamleg oppdatering på heimeside, Facebook og Instagram. Alle tilsette og tillitsvalde har hatt ansvar for å levere bilde og tekst til heimesida ved deltaking i møte og arrangement på vegne av Bondelaget. Fleire av lokallaga er flinke til å bidra med bilde og skildringar av lokallagsaktivitet og andre hendingar, noko vi håpar endå fleire blir med på. Det er flott å få synleggjort lokallagsaktiviteten og kvardagen til medlemmen.

Jordbruksforhandlingane

Mange av lokallaga gjennomførte ein studiering med landbrukspolitisk tema der dei samla seg om viktige punkt til forhandlingane. Innspel frå lokallag og organisasjonar danna grunnlag for drøftingar i styret og den endelege uttalen frå fylkeslaget til Norges Bondelag. Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag vart einige med Staten om ei jordbruksavtale for 2022 og 2023. Avtalen gav ein inntektsvekst på 28 400 kroner per årsverk i 2022, utover full kostnadskompensasjon. Den gav også ein inntektsvekst på 64 000 kroner per årsverk i 2023, der 40 000 er tetting av inntektsgap. Avtalen betyr full kostnadsdekning i 2022 og 2023, og inntektsvekst både i 2022 og 2023.

Klima, miljø og jordvern

Vestland Bondelag fekk 100 000 kr frå Klima- og miljøprogrammet til å arrangere kurs i klimakalkulator. I februar vart det to Klimaprat-møte på Teams med klimarådgjevarane Helena Elvatun (NLR) og Jan Asle Torstad (Tine). Rundt 60 bønder møtte opp på fagkveld om klimabonden i Fitjar i februar. Møtet var eit samarbeid mellom Vestland Bondelag, lokallaga i Fitjar og Stord kommune, Sau og Geit og Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor. I samarbeid med prosjektet KlimaVest og Førde Bondelag og Os Bondelag vart det arrangert møte for bøndene i Sunnfjord og i Os. I september hadde vi eit to dagars klimakurs i Førde med deltakarar frå heile fylket. I oktober møtte nesten 30 bønder opp til klimasamling på Voss. Huglo Bondelag hadde også eit kurs for eigne medlemmer på slutten av året. Prosjektet er avslutta, men vi held fram med kurs.



Kurs i klimakalkulator med handlingsplan i samarbeid med KlimaVest og Voss herad.

Onsdag 30. mars inviterte Vestland Bondelag, Fjaler Skogeigarlag og CH4 Engineering AS til fagdag om gardsvarmeanlegg i Dale i Fjaler kommune. Her kunne deltakarane få informasjon om moglegheitene for ved- eller flisfyringsanlegg på garden sin.

I 2021 fekk Vestland Bondelag prosjektmidlar frå Bærekraftfondet til eit plastyddingsprosjekt. Prosjektet vart vidareført til 2022 og lokallag som gjorde ein innsats for å fjerne landbruksplast på avvege fekk 5000 kroner til laget. Vestland Bondelag er med i eit plastforum der mellom anna landbruksplast er tema. I september innleia styremedlem i Vestland Bondelag, Gjertrud Svartveit Osmundsen om landbruket si eiga nedbygging av matjord under Landbrukskonferansen i Førde. I desember arrangerte Landbruks- og Matdepartementet og Bondelaget eit jordvernseminar der

tema var landbruket sin eigen nedbygging av matjord. Eivind Myrdal frå Bergen Bondelag var ein av tre bønder som hadde innlegg om korleis ein kan spare matjorda ved å byggje smart.



Uskedalen Bondelag (t.v) og Selje og Stadtlandet Bondelag (t.h) under plastyddedagen.

Verving og verveutval

Verving har vore ei prioritert oppgåve i 2022. Verveutvalet har vore sett saman av Nils Magne Gjengedal, Kjersti Hjelmeland, Olav Myhr og Marita Skeie. Dei har lagt ned mange timar på å ringe aktuelle medlemmer, laga vervevideoar og arrangert vervekonkurransar. I november utfordra verveutvalet fylkesstyret til å verve flest medlemmer innan ein klokke. Dette skapte stort engasjement, og det vart meldt inn fleire nye medlemmer. Marianne Nordhus vann tevlinga, og vann ein twist-pose. Ho verva 3 nye medlem denne timen. I tillegg arrangerte verveutvalet konkurranse under leiarmøte. Då vart dei frammøtte oppmoda om å verve minst eit nytt medlem. Fleire lag lukkast med dette, og vart premiert med ein kopp. Viksdalen Bondelag verva flest nye, dei fekk i tillegg ein twist-pose. I haust sto også verveutvalet på stand saman med Gloppen Bondelag under Matamål. I tillegg hadde julekalenderen til Vestland Bondelag ei luke med verving som tema.

Politikarkontakt

Både fylkesstyret og lokallaga har hatt kontakt med politikarar gjennom heile året. Landbruks- og Matminister Sandra Borch har vore i fylket fleire gonger og møtt representantar frå Bondelaget. Fleire Stortingsrepresentantar og lokalpolitikarar har vore på gardsbesøk og møtt Bondelaget på ulike arrangement. Eitt av dei var gardsbesøk med FRP hos Jon Grindevoll frå Os Bondelag.



F.v: Helge Andre Njåstad, Olav Botnevik (leiar i Os Bondelag), Gustav Bahun, Marianne Nordhus, Sylvi Listhaug, Geir Totland, Anders Felde, Jon Grindevoll og Silje Hjemdal.

5. Omdømebygging

Rekrutteringsprosjektet og rekruttering

Gardsbesøk for ungdomsskuleelvar, då i hovudsak 8. klasse-elevar, er ein populær aktivitet. Lokale bondelag gjer ein flott jobb med tilrettelegging og planlegging av dagane, der elevane får eit innsyn i arbeidsoppgåver og drift av garden. I 2022 var det mellom anna gardsbesøk på Eid, Hafslø, Vassenden, Gloppen, Sande og Balestrand.

Det er også mange lokallag som inviterer skuleklassar på besøk, eller kjem til skulen for å snakke om landbruk. Nokre lag tilbyr også Landbruksspelet, eit digitalt kunnskapsspel for ungdomsskulen som gir ein introduksjon til korleis det er å vere gardbrukar i Norge. Etne Bondelag og Eikefjord Bondelag gjennomførte Landbruksspelet for 10. klasse i 2022.

Bondelaget har i mange år samarbeida med Felleskjøpet SA, Tine SA og Nortura SA om å reise rundt til ungdomsskular for å informere om dei ulike samvirkebedriftene, men òg for å rette fokus mot norsk matproduksjon, utdanning og karriere. I 2022 besøkte Vestland Bondelag, Nortura, Tine og Felleskjøpet Agri elevar ved Halbrend skule i Førde, Sande skule og Skei skule.



Tonje Heggertveit, Terje Hagen, Grim Erik Gillestad og Marita Skeie besøkte 9.klasse på Halbrend skule i Førde.

Open Gard og matfestivalar

Open Gard er eit nasjonalt arrangement som går føre seg på same dato over heile landet. Det er ein av dei viktigaste arenaene landbruket har for å bygge bru mellom dei som lagar maten og dei som eter den. Open Gard skal vere på ein gard i drift, men det finst også andre variasjonar av arrangementet. Nokre lokallag har valt andre datoar av praktiske årsaker. I 2022 vart det endeleg mogeleg å samle folk igjen, og i mai starta sesongen med Open Gard på Lygra. Alversund og Seim Bondelag var vertskap for rundt 600 besøkande på Lyngheisenteret og Magnusgarden. I august inviterte Omvikdalen Bondelag til Open Gard på Revuro samdrift, medan Austrheim og Lindås

Bondelag opna dørene på Rødland Gard. Os Bondelag inviterte til Bondens Dag på Kyrkjeflaten på Os, Norddalsfjord Bondelag hadde Open Gard på Nordbakken og Eid Bondelag i Eventyrstallen. I september hadde Breim Bondelag Open Gard på Norsk Fjordhestgard og sesongen vart avslutta med at Voss og Vossestrand Bondelag hadde Open Gard på Voss vgs.



Bondens Dag med Os Bondelag.



Open Gard med Eid Bondelag.

I tillegg arrangerte Ullensvang Hagebrukslag Teknikkens dag med utstillarar, Breim Bondelag hadde stand på open dag under 4H-ladsleiren, Gloppen Bondelag hadde stand under festivalen Matamål, Osterøy Bondelag hadde stand på Solberg Marknaden, Naustdal Bondelag deltok på Sanden-Søndag og Granvin Bondelag var med og arrangerte Granvinsdagen. Vestland Bondelag hadde også stand på Bergen Matfestival, og dette året var temaet frukt og grønt frå Vestland under slagordet «et norsk, et sesong, et opp». Kari Sigrun Lysne frå fylkesstyret hadde med frukt og grønt frå Lærdal, som vart både utstilling, smaksprøver og grunnlag for quiz. Under Morellfestivalen i Hardanger fekk første nestleiar i Norges Bondelag, Egil Chr Hoen, omvising på lokale gardsbruk med Knut Byrkjenes Hauso frå fylkesstyret som guide. Han fekk også møte leiarane i lokallaga.

Kampanje

Kjøpmenn og matbutikker er viktige for utval av norsk mat og kva som er tilgjengeleg for forbrukar. I kampanjen «Butikk på lag med bonden» kåra lokallaga dei butikkane som var best på lokal mat og norsk mat. Årets sommarkampanje var ein konkurranse der alle vart oppfordra til å dele bilete av norsk mat og det den norske bonden produserer med taggane #spisnorsk og #norgetrengerbonden. Vinnaren av konkurransen fekk eit gåvekort hos Hanen.



Naustdal Bondelag og Granvin Bondelag (t.h) var nokre av lokallaga som heidra lokale matbutikker.

6. Samarbeid og prosjekt

Landbruksråd Vestland

Gjennom Landbruksrådet har landbruksorganisasjonane ein møtestad og eit kontaktforum der dei kan ta tak i felles utfordringar. Rådet skal drive med samfunnskontakt, delta i utvikling av grøn næring og bruk av regionale verkemiddel. Lars Bø frå Felleskjøpet AGRI er leiar i rådet, og Anders Felde frå Vestland Bondelag er nestleiar.

Prosjekt hjorteforvaltning

Fylkeslaget har vore i dialog med alle kommunane i Vestland for å få ei oversikt over forvaltningsmål i den enskilde kommune, praktisering ved bruk av minsteareal, bruk av skadefelling og danne oss eit bilete av kompetansen på viltforvaltning i dei ulike kommunane. Vidare vil fokus vere på rekruttering, kursing og hjelp til lokallag og medlemmer i deira arbeid lokalt.

Prosjektet «Redusert klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket» (KlimaVest)

Vestland Landbrukselskap er eigar av det treårige prosjektet, og heile landbruket i Vestland står bak. Bondelaget fører rekneskapan og er formell arbeidsgjevar for prosjektleiar. Frøydis Haugen har leia prosjektet, men 1. desember tok Lene Vangberg Monsen over som klimakoordinator og prosjektleiar. Klimakoordinatoren samarbeider med både fylkeskontoret og lokallag og hjelper til med å arrangere klimakalkulatorkurs eller andre samlingar med klima som tema.



Klimasamling i Førde.



Klimakalkulatorkurs hos Huglo Bondelag.

Representasjon frå Vestland i styre og utval 2022

Produsentråd sau i Norges Bondelag	Gry Ingvild Agjeld
Styret i Norges Bondelag, 2. nestleiar	Bodhild Fjelltveit
Styret i Norges Bondelag, 2. vara	Peder Nernæs
Grøntutvalet i Norges Bondelag	Kari Sigrun Lysne
Referansegruppe NB, kvoteordning for mjølk	Anders Felde
Klimaprojektet, styringsgruppa	Ole Bjarne Hovland
Grøntutval Vestland	Knut Byrkjenes Hauso og Kari Sigrun Lysne

7. Leiarar i lokallaga 2022

Lokallag	Namn	Mobil	E-Post
Alversund Og Seim Bondelag	Jan Otto Pletten	90039671	alversund_seim@bondelag12.no
Aurland Bondelag	Thomas Rastad	90231663	2masrastad@gmail.com
Austevoll Bondelag	Ingolv Skumsnes	98870803	ingsku@hotmail.com
Austrheim og Lindås Bondelag	Ove A. Holmås	48200930	austrheim_lindas@bondelag12.no
Balestrand Bondelag	Hilde Sværen	91784037	hildesvaren@hotmail.com
Bergen Bondelag	Eivind Myrdal	46788659	post@bergenbondelag.no
Breim Bondelag	Arne Frode Øvreseth	90834057	aovreseth@hotmail.com
Bulken Evanger Bondelag	Njål Are Forthun	95034964	bulken-evanger@bondelag12.no
Bømlo Bondelag	Magne Mæland	90694759	bomlo.bondelag@gmail.com
Davik/Ålfoten Bondelag	Stein Kåre Karstensen	90871275	ma-indre@online.no
Eid Bondelag	Tom-Even Langø	91819764	tom-evla@online.no
Eikanger Bondelag	Marius Hindenes	90822411	Hindenesgaard08@yahoo.com
Eikefjord Bondelag	Asle Magne Ellingsund	47634479	esol4@online.no
Eksingedalen Vaksdal Bondelag	Lars Bjarthe Nesheim	97675416	Eksingedalen_vaksdal@bondelag12.no
Etne Bondelag	Roar Gundegjerde	99360710	Roar.gundegjerde@fkra.no
Fitjar Bondelag	Tone Koløen	99106270	Tone.koloen@live.no
Fjaler og Hyllestad Bondelag	Camilla Avedal Ulvik	98402848	camillaavedal@gmail.com
Fjærland Bondelag	Anders K Mundal	99236889	anders_mundal@hotmail.com
Flora Bondelag	Leidulv Beverli Stavø	91688169	flora.bondelag@gmail.com
Fusa Bondelag	Inge Gjerdevik	98823346	fusa@bondelag12.no
Førde Bondelag	Jørgen Naustdal	48101884	j.naustdal@gmail.com
Gaular Bondelag	Margun Myrmel Øren	48036048	margun@vere.no
Gloppen Bondelag	Kristen Grov	91583900	kristen@jensbruket.no
Granvin Bondelag	Helena Elvatun	98691722	helena.elvatun@gmail.com
Gulen og Masfjorden Bondelag	Normann Grimen	91636593	normann.grimen@eninvest.net
Halsnøy Bondelag	Anfinn Hilde Tofte	97667820	halsnøy@bondelag12.no
Henden Bondelag	Ranveig Årskog	99160606	ranveig.aarskog@accountor.no
Holmedal og Askvoll Bondelag	Kristina J. Ådlandsvik	95231598	johansenkristina@gmail.com
Huglo Bondelag	Erik Willgohs	90145359	willgohs@hotmail.com
Hyen Bondelag	Sivert Jan Ommedal	90227570	larstun@online.no
Høyanger Bondelag	Alf Magnar Svartemyr	46924792	alf.magnar.svartemyr@eninvest.net
Jondal Bondelag	Knut B. Flatebø	91545325	knuflate@online.no
Jostedal Bondelag	John Geir Sperle	91106861	john@sperle.no
Jølster Bondelag	Geir S. Støfring	97135422	gs-stoe@online.no
Kjølsdalen Bondelag	Kristian Aardal	97091253	kristian.aardal@gmail.com
Leikanger Bondelag	Laila Njøs Eikeland	97542072	lailanje@online.no
Loen Bondelag	Åse Katrin Hogrenning	90816844	asehog13@hotmail.com

Luster Bondelag	Andreas W. Wiese	99226240	wollnickwiese@gmail.com
Lærdal Bondelag	Njål Kaardal Golf	41173910	golf86@mac.com
Modalen Bondelag	Stian Steinsland	99390330	stian.steinsland@hotmail.no
Naustdal Bondelag	Aud Slettehaug	47375739	naustdalbondelag@gmail.com
Norrdalsfjord Bondelag	Stig Asle Midtbø	97730996	stigasle@online.no
Nordsida Bondelag	Per Erik Ulvedal	91687574	per-erik@skogane.no
Odda/Røldal Bondelag	Kåre Johannes Aase	91330136	kjaase@gmail.com
Olden Bondelag	Silje Åsnes Skarstein	97112356	skarsteinsilje@gmail.com
Omvikdalen Bondelag	Johannes Hjelmeland	97001676	omvikdalen@bondelag12.no
Oppstryn Bondelag	Rolf Olav Gjørven	97653572	rolf.o.gjorven@gmail.com
Os Bondelag	Olav Botnevik	92460307	os@bondelag12.no
Osterøy Bondelag	Asgeir Presttun	99598207	sauidn@hotmail.com
Radøy Bondelag	Maya Fugelsnes Greve	95086494	radoy@bondelag12.no
Selje og Stadlandet Bondelag	Svein Per Ervik	90198182	sv-ervik@online.no
Sogndal Bondelag	Magne Selseng	91178327	magne.b.selseng@hotmail.no
Solund Bondelag	Anne-Marie Gåsvær	99298975	amarie-g@online.no
Sotra Og Øygarden Bondelag	Sturle Minde	99748313	sturle.minde@gmail.com
Stongfjorden Bondelag	Henrik Arthur Veiesund	91188962	havsund@hotmail.com
Stord Bondelag	Steinar Kannelønning	92614987	stord@bondelag12.no
Strandebarm Tørvikbygd Bondelag	Espen Brattli	47702488	Strandebarm-torvikbygd@bondelag12.no
Sveio Bondelag	Steinar Vikse	92247222	sveio@bondelag12.no
Tysnes Bondelag	Leif Magne Hovland	41212193	Leif.magne.hovland@haugnett.no
Ullensvang Hagebrukslag	Torbjørn Børve	46629509	Ullensvang.hagebrukslag@gmail.com
Ulvik og Eidfjord Bondelag	Nils Branstveit	97507651	nilsbr@gmail.com
Uskedalen Bondelag	Stian Haugland	95784808	stianhaugland@yahoo.no
Varaldsøy Bondelag	Trygve Kvamme	99512608	ttkvamme@knett.no
Veitastrond Bondelag	Jimmy Hilleren	91842987	jimmyhilleren@hotmail.com
Vik Bondelag	Kristian Sætre	41425402	vikbondelag@gmail.com
Vikane Bondelag	Eyvind Reme	97165705	eyvind.reme@gmail.com
Viksdalen Bondelag	Erlend Brede Fossen	99226575	e_fossen@hotmail.com
Vikøy Og Øystese Bondelag	Guro Stuve	48048002	guro15@hotmail.com
Voss Bondelag	Bjørnar Nedkvitne	97481209	voss@bondelag12.no
Vossestrand Bondelag	Oddbjørn O. Bratthole	90134959	vossestrand@bondelag12.no
Ølve og Hatlestrand Bondelag	Ove Andre Ljostveit	91702938	olve-hatlestrand@bondelag12.no
Årdal Bondelag	Rune Hovland	48041170	rune.hovland@sogn.no

8. Fylkeskontoret

Fylkeslaget har kontorplass i Førde og på Kokstadflaten i Bergen. Det er tre tilsette på kvar kontorplass.

Lars Peter Taule, organisasjonssjef
Merete Støfring, seniorrådgjevar
Marita Skeie, rådgjevar
Geir Totland, rådgjevar
Birgitte Sunde Bjaanes, rådgjevar
Maria Makloufi Skjold, rådgjevar

Førde: Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Bergen: Kokstadflaten 36, 5257 Kokstad

E-post: vestland@bondelaget.no

Heimeside: www.bondelaget.no/vestland

Facebook: Vestland Bondelag

Instagram: [@vestlandbondelag](https://www.instagram.com/vestlandbondelag)

Kvifor skal eg være eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for best mogleg økonomisk resultat frå din mjølkeproduksjon
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverking vidare i verdikjeda.

Saman skaper me eit levande Norge
medlem.tine.no



Spør oss om:
HMS
Grovfôr og beite
Bygg og økonomi
Maskinteknikk
Plantevern og gjødsling
Frukt, bær og grønnsaker

Vest.nlr.no
98245838
vest@nlr.no

 **Norsk Landbruksrådgiving** Vest

Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



Tlf.: 72 50 50 50 · felleskjopet.no



Open Gard med Alversund og Seim Bondelag. Brim Bondelag med stand på landsleiren til 4H.



Booke en distriktssjef til medlemsmøtet?

Lokalt tilstede for lokallaget

Økonomi i landbruket, finansiering, forsikring, sparing eller gårds-overdragelser som tema på neste medlemsmøte?

Våre distriktssjefer har lang erfaring fra landbruket, og er spesialister på finansiering, forsikring og eiendomsmegling for landbruk. De deler gjerne av sin kompetanse til ditt lokallag – om det er medlemskveld, gårdsbesøk eller årsmøte.

Finn din distriktssjef på landkreditt.no/distriktssjefer

Sjekk mer på landkreditt.no eller ring oss på **23 00 08 00**



LOKALLAGSKONTO

Husk! Vi tilbyr konto til lokallaget med gode betingelser. Det er enkelt å opprette og å bytte disponenter når kassereren byttes.

Les mer på: Landkreditt.no/lokallagskonto



Sammen har vi tatt vare på det norske landbruket i over 60 år

Forsikring

Pensjon

Som medlem av Norges Bondelag får du

- minst 20 % på private skadeforsikringer
- 20-40 % rabatt på landbruksforsikringer
- god pris på pensjonsordninger
- tilgang på Norges Bondelags Cyberforsikring

Les mer på gjensidige.no/bondelaget.



Det naturlige valget



Nortura eies av bønder, styres av bønder og har samme mål som bønder - å skape best mulig økonomi for bonden.



Foto: Rune Bendtsen / Statfoto 813